



Foss Eiendomsselskap As
Kvassnesvegen 23
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/3796

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.02.2017

Pålegg om installering av fettutskiljar Kvassnesvegen 23 - gbnr 188/400 Gjervik Ytre

Teknisk drift, VVA, syner til tidlegare korrespondanse vedkomande krav om installering av større fettutskiljar ved gbnr 188/400, Kvassnesvegen 23. Teknisk drift har i brev, datert 22.11.2016, gitt varsel om pålegg om installering nytt anlegg. Frist for innsending av søknad vart sett til 31.12.2016. Frist for innsending av søknad vart forlenga til 31.01.2017 etter at Knarvik Bakeri var i kontakt med Teknisk drift vedrørende planar om nytt lokal i bygget. Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke søknad om løyve til å knytte større fettutskiljar til kommunalt leidningsnett.

Vedtak:

Med heimel i forureiningsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» vert det fatta **vedtak om pålegg** om installering av større fettutskiljar ved gbnr 188/400 - Kvassnesvegen 23.

Teknisk drift sett nå ei endeleg frist for å få på plass lovpålagt fettutskiljar for Kvassnesvegen 23 – gbnr 188/400.

Frist for installering av anlegg vert sett til: 15.03.2017.

Før anlegg vert installert skal rørleggjar sende inn registreringsmelding til godkjenning hos Teknisk drift for det nye anlegget. Vi gjer merksam på at dersom anlegg skal være eit felles anlegg for Knarvik Bakeri og Venezia Pizza skal berekningsgrunnlag for val av utskiljarstørrelse ta høgde for maksimal produksjon ved begge verksemdene. Anlegg skal installerast utvendig slik at tømmeoperatør får forsvarleg tilgong til anlegg. Med søknad skal det leggst ved teikningar/situasjonskart (M 1:500) som viser kor anlegg er plassert og kor tilknyttingspunkt til kommunalt leidningsnett er lokalisert.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Einingsleiar Teknisk drift
Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Foss Eiendomsselskap As

Kvassnesvegen 23 5914

ISDALSTØ